



## Skuleåret 2019-20, elevkveld

Elevrådet til ungdomsskulen tok opp elevkveld som ein sak på sitt møte 21. okt.2019:

«Fortsatt ønske om elevkveldar på ungdomsskulen. Elevrådet støttar dette forslaget og ønskte at kvart klassetrinn skulle ha ansvaret for ein elevkveld.»

### § 4 – Oppgåver

- FAU skal arbeide for eit trygt og godt læringsmiljø (Jf. § 9 i Opplæringslova - elevane sitt skulemiljø)
- FAU skal arbeide for eit skulemiljø fritt for mobbing
- FAU skal representere alle foreldre ved skulen og bidra til at samarbeidet mellom heim og skule er godt
- FAU skal vere ein informasjonskanal ut til alle føresette
- FAU skal samarbeide med både elevråd, skulen si leiing og tilsette
- FAU bør ta initiativ til sosiale tiltak for elevane
- FAU kan drøfte form på tilbakemelding elevar og foreldre får på elevane sin faglege og sosiale kompetanse (Til dømes metode for utviklingssamtale)
- FAU kan halde kurs for foreldrekontaktar
- FAU kan halde samlingar for foreldre og lærarar
- FAU kan ha kontakt med lag, organisasjonar og næringsliv i nærmiljøet (Henta frå Handbok for foreldreprerantar Hafslo barne- og ungdomsskule)

På møtet til FAU 29. okt. blei representantane einige om at kvart kull på ungdomsskulen skulle arrangere elevkveld og 3 datoar blei notert.

Forrige skuleår blei det arrangert kun ein elevkveld og det var det kull 2003 som hadde ansvaret for. Dei hadde diskotek, ballaktivitetar og kiosk i gymsalen. Elevkvelden starta kl. 19.00 og slutta kl. 23.00, og foreldra (8 stk.) stilte som vakter og ryddehjelp. Elevane førebudde arrangementet med å lage plakat, handla inn kioskarer, lage speleliste, rigge til o.s.b. Dei møtte litt før for å ordna i stand kiosken og musikken, og dei var med å rydda opp etterpå. Golvet i gymsalen blei tørrmoppa. Viss det var søl, så vart det vaska med såpevann.

Alle klassane har to representantar i elevrådet: Sedrik, Miriam (10.trinn), Iver, Amalie (9a), Karstein, Fredrik (9B), Ole Sebastian og Theodor (8.trinn).

Tenkjer jo at det er lurt at de samarbeidar med elevane om korleis elevkvelden skal organiserast. Eg kan melde det inn som sak til dei at dei kan diskutere kva opplegg dei ynskjer.

Frå skulen si side er det ikkje noko fasitsvar på korleis elevkvelden skal vere, men alle har eit ansvar om å fylgje ordensreglementet. Det viktige for ungdommane våre er at dei har eit tilbod der dei kan møtast og ha det kjekt i lag.

Gymsal, kantine og auditoriet kan nyttast. Men er elevane spredt over så stort område så vert det mykje å rydde opp. Når det gjeld låsing så ordnar me det digitalt. Nøkkelpippe til innedørar kan de kvittere ut hjå Berit.

Hilde H. Selland, rektor